

# Referat frå årsmøtet i Leikarringen i Bondeungdomslaget i Oslo

27. februar 2018 i Lagsrommet, Rosenkrantz' gate 8 kl. 19.30

*Til stades på møtet var 13 personar. 12 av desse hadde røysterett.*

*Skrivar: Anbjørg Myhra Bergwitz*

## SAK 1 OPNING AV MØTET

### 1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommentarar: Det var oppgitt ulikt starttidspunkt for møtestart, pass på det til neste gong. Nokre generelle kommentarar til språket, styret opplyste at dei utsendte papira ikkje var korrekturleste. Nummerering av sakene hoppa over sak 6, nummereringa vart oppdatert undervegs i møtet.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

### 1.2 Val av møteleiar

Vedtak: Rune Hernes Bjerke vald til møteleiar.

### 1.3 Val av skrivar

Vedtak: Anbjørg Myhra Bergwitz vald til skrivar.

### 1.4 Val av to til å skrive under møteboka

Vedtak: Torbjørn Bergwitz Lauen og Aleksander Breiby Herseth valde til å skrive under møteboka.

### 1.5 Val av teljekorps

Vedtak: Edvard Lauen og Marta Lindvik valde som teljekorps.

## SAK 2 ÅRSMELDING FRÅ LEIKARRINGEN FOR 2017

### 2.1 Melding frå Styret i Leikarringen

Meldinga vart presentert av leiar Audun Grüner-Hegge

Desse hadde ordet i saka: Lasse Pettersen, Aleksander Breiby Herseth, Rune Bjerke, Audun Grüner-Hegge

Kommentarar:

1. Nokre generelle kommentarar til språket, styret opplyste at dei utsendte papira ikkje var korrekturleste. Årsmeldinga vil bli oppdatert med språkendingar frå kontoret i etterkant av årsmøtet.

2. Ved eit tilfelle blir Leikarringen omtalt som *laget*. Årsmøtet bad om at dette blei endra frå “laget” til “Leikarringen”.
3. Skrivefeil på side 3 i årsmeldinga. Det står Landskappleiken 2081, rett årstal er 2018.

*Årsmøtet tok meldinga frå styret til vitande, med 3 endringsforslag, som nemnde over.*

## **2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen**

Meldinga frå Rådet vart lagt fram av Rune Bjerke.

Desse hadde ordet i saka: Rune Bjerke

*Årsmøtet tok meldinga frå Rådet til vitande, utan kommentarar.*

## **2.3 Melding frå Søndansen**

Meldinga frå Søndansen vart lagt fram av ordstyrar.

Desse hadde ordet i saka: Lasse Pettersen

Kommentarar: Instruktør og musikal jobbar på dugnad.

*Årsmøtet tok meldinga frå Søndansen til vitande, utan endringar.*

## **2.4 Melding frå Bunadnemnda**

Melding frå Bunadnemnda vart lagt fram av ordstyrar.

Desse hadde ordet i saka: Lasse Pettersen

Kommentarar: Lekkasje i kjellaren, håpar styret kan følge det opp til neste årsmøte.

*Årsmøte tok meldinga frå Bunadnemnda til vitande, utan kommentarar.*

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjend med dei nemnde kommentarane og endringane over.

## **SAK 3 REKNESKAP FOR 2017**

### **3.1 Rekneskap**

### **3.2 Balanse**

Rekneskap og balanse vart lagt fram av Audun Grüner-Hegge.

Desse hadde ordet i saka: Audun Grüner-Hegge, Anbjørg Myhra Bergwitz, Eva Fischer, Aleksander Breiby Herseth, Rune Bjerke, Edvard Lauen, Lasse Pettersen

Kommentarar: Styret opplyste at rekneskapstala vart levert til styret dagen før årsmøtet.

Årsmøtet peika på at det er lov å bruke pengar på styremøtemat, det skal vere hyggeleg å delta i styrearbeidet. Ønske om kommentarar frå rekneskapsfører til neste årsmøte.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen slik den er lagt fram på årsmøtet, med atterhald om at revisor ikkje har vesentlege innvendingar til rekneskapen.

## **SAK 4 PLANAR**

### **4.1 Planar for 2018**

Planar for 2018 vart lagt fram av leiar Audun Grüner-Hegge.

Desse hadde ordet i saka: Lasse Pettersen, Torbjørn Bergwitz Lauen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Michael Brenna, Rune Bjerke, Eva Fischer

Kommentarar: BULder og Brak-øvingane skulle vore nemnt i dette saksdokumentet. Det burde vere ein symbolsk kompensasjon til gruppa for oppdraget for å oppretthalde motivasjonen, dette gjeld særskilt for BULder og Brak. Ønske om å legge til ein post på budsjettet for dette, sjå sak 6. Lengre utgreiing om Hundreleik.

Vedtak: Årsmøtet tok planane for 2018 til vitande.

## **SAK 5 MEDLEMPENGAR FOR 2019**

*Desse hadde ordet i saka: Torbjørn Bergwitz Lauen, Audun Grüner-Hegge, Lasse Pettersen*

Saka vart presentert av Audun Grüner-Hegge

Flere medlemsfordeler

- 20% på alle Choice-hotell
- Rabatt på Fiken rekneskapsprogram
- Rabatt på rimelegaste pris på Bondeheimen
- KNIF har mange forsikringar

Vedtak: Årsmøtet vedtok at medlemspengar for 2019 blir ståande uendra.

## **SAK 6 BUDSJETT FOR 2018**

Budsjettet vart lagt fram av Audun Grüner-Hegge.

Desse hadde ordet i saka: Edvard Lauen, Audun Grüner-Hegge, Lasse Pettersen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Michael Brenna, Eva Fischer, Aleksander Breiby Herseth.

Kommentarar: Det vart oppfordra til at styret bør ha ei haldning der ein både oppmodar og støtter dei som vil dra på kurs, dette er viktig for folkedansen i Noreg. Det vart også peika på at medlemmer bør få merksemd ved jubileum - styret bør lage ein oversikt, som kontoret følgjer opp.

Framlegg om endringar til budsjettet:

- Post 7790 - auke til 25 000 kr.
  - Denne potten skal gå til Kven Veit, hest og kjerre på 17. mai, deltaking på festivalar/stemne (som til dømes deltaking på Landskappleiken, Oslokappleiken og Nordleik)
- Post 7712 - auke til 6000 kr.
  - Tillegget på 3000 kr er tenkt til å bruke på BULder og Brak, til dømes ein pizzakveld eller liknande for å halde på motivasjonen.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet for 2018, med dei to nemdte endringane.

## SAK 7 VAL

Valnemnda si innstilling vart lagt fram av Eva Fischer.

*Valet vart gjennomført med dette resultatet:*

### Styret i Leikarringen:

Leiar: Audun Grüner-Hegge (valt for eitt år)

Styremedlemer: Simon Hesselberg Løvald (valt for to år),

Aleksander Breiby Herseth (valt for to år), Solveig Brekke Hauknes (ikkje på val)

Varmedlemer: Marta Lindvik (valt for eitt år), Martha Gjendem Lillebakk (valt for eitt år)

### Bunadnemnda (valt for eitt år):


Evald Fredholm, Anne Cathrine Johansen, Ragnhild Marie Holen

### Rådet i Leikarringen:

Det skal veljast 2 kandidatar. Anbjørg Myhra Bergwitz (ikkje på val), Lasse Pettersen (ikkje på val) og Karianne Johansen (ikkje på val). Anne Cathrine Johansen (valt for to år) og Rune Hernes Bjerke (valt for to år)

### Valnemnd for 2019:

Sigrid Kjøbli, Audun Stokke Hole, Eva Fischer, Elise Tjørnsletten



---

Torbjørn Bergwitz Lauen

Dato, underskrift



---

Aleksander Breiby Herseth

Dato, underskrift